



Kommunedelplan for idrett og
fysisk aktivitet 2010 - 2013
for
Sula kommune

INNHALD

1. BAKGRUNN FOR DELPLANEN	2
1.1. Bakgrunn	2
1.2. Klargjøring av omgrep	4
1.3 Planprosessen	5
2. MÅLSETTINGAR.....	5
2.1 Målsetting for idrett.....	5
2.2 Målsetting for fysisk aktivitet (friluftsliv).....	6
2.3 Økonomisk deltaking frå kommunen	8
3. UTFORDRINGAR	8
3.1 Utfordringar innan idrett	9
3.2 Utfordringar innan friluftsliv.....	12
4. VERKEMIDDEL.....	13
4.1 Kommunal planlegging	13
4.2 Sikring av areal	14
4.3 Tilskottsordningar	14
4.4 Friluftsrådet	16
5. REGISTRERINGAR	16
6. ANALYSE AV BEHOV FOR AREAL, OMRÅDE OG ANLEGG	16
6.1 Analyse av behov	16
7. KOMMUNALT ENGASJEMENT I ANLEGGsutbygging	18
8. EVALUERING AV PLANPERIODEN 2006- 2009	19
8.1.Gjennomførte prosjekt	19
8.2. Ikkje gjennomførte prosjekt	19
8.3. Vurdering	20
9. VEDLEGG.....	21

1. BAKGRUNN FOR DELPLANEN

1.1. Bakgrunn

Statlege føringar

”Staten har som mål å legge til rette for at flest mulig skal kunne utøve idrett og fysisk aktivitet.”

Mål og rammer for den nasjonale politikken blir formidla gjennom stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer, rundskriv, føresegner for tilskotsordningar osv.

For å kunne tildele spelemidlar krev Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD) at kommunane har ein plan for området idrett og fysisk aktivitet. Det er eit ønskje at kommunedelplanen også legg vekt på fysisk aktivitetar generelt og ikkje berre er retta mot anleggsplanar.

Gjennom fordeling av spelemidlar søker departementet å legge til rette for tilnærma lik tilgang på anlegg i befolkninga (Rettleiar for Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet).

I St.meld. nr. 14 (1999 – 2000) Idrettsliv i endring, er sentrale føringane ved idrettspolitikken at staten skal ha særleg ansvar for barn (6-12 år) og ungdom 13-19 år) og at dette er dei viktigaste målgruppene.

Fylkesplanen for Møre og Romsdal (2009 – 2012)

I handlingsprogrammet for 2009 fastslår at fylket at resultatmåla for idrett og fysisk aktivitet skal:

- satse på å skape ein offensiv frivilligpolitikk gjennom å styrkje rammevilkåra for frivillige
- ha ei leiande rolle i koordinering og utvikling av fysisk aktivitet og friluftsliv
- sikre at innbyggjarane har tilgang på eit mangfald av lokale, anlegg, arenaer og landskap og vil utarbeide ein samla strategi for kultur- og idrettsbygg og eit nettverk av turstiar

Kommunen

Kommunen har ansvar for å vere med å leggje til rette for at flest mogleg kan utøve idrett og fysisk aktivitet etter behov i rimeleg nærleik til sitt bumiljø. Kommunedelplanen skal vere eit reiskap for å nå dei måla kommunane har sett for området og ei rettesnor for idrettsrådet og kommunestyret når det gjeld prioritering av spelemiddelsøknader frå Sula kommune.

Formålet med planen er å få:

- oversikt over eksisterande og planlagde anlegg innan idrett og fysisk aktivitet
- sikre areal for og samordne behova for idrett og fysiske aktivitetar, her under friluftsliv
- utarbeide handlingsprogram og langtidsprogram innan anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet.

Idretten si verdi for lokalsamfunnet:

Det organiserte idretts- og friluftslivet i Sula har lange tradisjonar. Idrettslaga i alle bygdelaga har eksistert i tre mannsaldrar og engasjert innpå 1/3 av innbyggarane dvs. at kvar tredje Sulalending er med i idrettsrørsla. Dette er viktig å ta med når framtida skal planleggast.

Idrett og fysisk aktivitet

- har dokumentert helsegevinst
- kan nyttast førebyggande
- er viktig i hjelp i rehabilitering og terapi
- er aktiviserande
- har eit omfangsrikt og velfungerande organisasjonsapparat
- skapar gode og trygge oppvekstkår
- er miljøfaktor som skaper tilhøyring til lokalsamfunnet
- gjer kommunen attraktiv for dei som bur der og for nye innbyggjarar
- er veleigna for generasjonskontakt
- aukar produktivitet og trivsel
- har eit mangfald av aktivitets og prestasjonsnivå
- er positivt for integrering i eit mangfaldig og fleirkulturelt fellesskap

Omfang

Idretten er både eit mål og eit middel.

Idrettsaktivitetar har i alle år vore ein viktig sosial og helsemessig faktor spesielt for barn og ungdom. Det vert lagt ned ein enorm dugnadsinnsats for å legge tilhøva best mogleg til rette for at aktive og mosjonistar skal kunne drive førebyggande sosial- og helsearbeid. Sula kommune har eit stort ansvar for å ta vare på og vidareføre denne ressursen.

Verdien av den frivillige idretten er ofte nytta som mål på idretten sin verdiskaping. Verdier som helse, trivsel, gode oppvekstvilkår, integrering sosial og demokratisk dugleik er i denne samanheng heilt avgjerande.

Idretten sin eigenverdi:

Det er idretten sin eigenverdi som er viktigast, dvs. aktivitetsglede, meistring, utvikle sjølvstendige menneske med verdiforankring, etiske normer, sosialisering og trivsel

Idretten sin nytteverdi:

Idretten har nytteverdi som ikkje står i motsetnad til eigenverdi. Gjennom idretten har befolkninga ein rekke helsefremmande effektar.

Forsking viser samanheng mellom å vere i god fysisk form og det å utvikle psykisk helse og sosial dugleik (KS: 2009)

Det er uråd og utenkjeleg at det offentlege, uansett forvaltningsnivå, kan erstatte verdien av frivillig innsats i Sula. Det er viktig å ta vare på dugnadsinnsatsen.

Idrett og lokalpolitikk:

Det er viktig og nødvendig at kommunen har eit bevisst forhold til det frivillige organisasjonslivet. Ein bevisst og gjennomtenkt politikk for å unngå tilfeldigheter. Idrettslege aktivitetar er avhengige av økonomisk og anna støtte frå kommunen.

1.2. Klargjering av omgrep

Idrett

Med idrett forstås aktivitet i form av trening, eller konkurranse i den organiserte idretten

Fysisk aktivitet

Med fysisk aktivitet forstås ein eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, herunder friluftsliv og aktivitetar prega av lek.

I rettleiar for kommunal planlegging og fysisk aktivitet viser ein til at Kultur- og kirkedepartementet (KKD) har valt å la friluftsliv inngå i begrepet fysisk aktivitet.

Miljøverndepartementet definerar friluftsliv som opphald og fysisk aktivitet i friluft og i fritida med sikte på miljøforandring og naturopplevingar.

Nokre av dei mest viktige aktivitetane innan friluftsliv er fotturar, skiturar, bær- og soppstaking, bading og soling, fritidsfiske, jakt, lek og mosjonsturar.

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område tilrettelagde for eigenorganisert fysisk aktivitet, som i hovudsak ligg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde.

Områda skal vera fritt allment tilgjengelege og eigna for eigenorganisert fysisk aktivitet, primært for born og ungdom, men òg for lokalfolket elles. Nærmiljøanlegg skal ikkje stetta trongen for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller ordinære konkurransar i idrett. Ved samlokalisering med idrettsanlegg skal anlegget vere for den eigenorganiserte fysiske aktiviteten.

Ordinære anlegg er tilskotsberettiga anlegg som i hovudsak er knytt til konkurranse- og treningsverksemd for den organiserte idretten.

Nasjonalanlegg er idrettsanlegg som tilfredsstillar krav for avvikling av internasjonale meisterskap og konkurransar.

I spelemiddelfordelinga (SM) opererer KKD med dei tre ovannemnde klassifiseringane.

Kommuneanlegg

Lokalanlegg dekkjer behov for konkurransar etter gjeldande reglar på lags- og krinsplan. Større kommuneanlegg dekkjer behovet for ein eller fleire idrettar for heile eller store delar av kommunen. Anlegga er dimensjonert og utforma slik at dei tilfredsstillar krav for konkurranse på krins- og evt. nasjonalt plan.

Fylkesanlegg tilfredsstillar krava for å arrangere norske meisterskap og/eller dekkjer spesielle konkurranse-/treningsbehov for fylket eller ein større region av fylket.

Friluftsområde omfattast av allemannsretten og er oftast i privat eige. I kommuneplanens arealdel er slike område gjerne definert som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Områda vert nytta til turliv, jakt, fiske, fysisk aktivitet og trening.

Friområder er avgrensa område med særskilt tilrettelegging og opparbeiding for allmennheita si rekreasjon og opphald. Slike område er vanlegvis erverva, opparbeidd og vedlikehalde av kommunen.

Eksempel er turvegar, leikeplassar, nærmiljøanlegg og badeplassar. I kommuneplanens

arealdel er friområde gjerne vist som byggeområde på kartet sidan dei er å oppfatte som ein del av dette formålet.

Universell utforming

Universell utforming betyr at produkt, byggverk og uteområde som er i alminneleg bruk, skal utformast på ein slik måte alle menneske skal kunne bruke dei på ein likestilt måte så langt det er muleg utan spesiell tilpassing eller hjelpemiddel.

1.3 Planprosessen

Det er frå sentralt hald ønskjeleg at kommunedelplanen også legg vekt på fysisk aktivitetar generelt og ikkje berre er retta mot anleggsplanar. Kommunedelplanen skal reviderast (total gjennomgang) minst ein gong kvar valperiode.

Handlingsprogrammet blir rullert kvart år. Rullering er mindre vesentlege endringar.

Planprosessen lokalt:

Varsel om revidering har vore annonsert 20. mai 2009 med frist for skriftelege innspel til 12. juni. Tre innspel har kome inn og desse er innarbeida i vedlegg 1 og 7.

Det har vore halde ope møte i 2006 og i 2009 i samarbeid med Idrettsrådet og Idrettskretsen. Dette har sikra medverknad lokalt. Under det såkalla ”oppstartmøtet” 26. mai 2009 kom det fram fleire gode innspel.

Ei gruppe samansett av organisasjonar, kommunen og Idrettsrådet har vore invitert til gjennomgang av kommunedelplanen for 2006-2009. Idrettsrådet har spesielt vore beden om å kome med innspel ved gjennomgang.

Innspel og forslag som har kome fram gjennom møta ligg under punkt 2.1. og 2.2, vedlegg 1 og inngår i analysedelen i punkt 6.1.

Det har vore eit samarbeidsmøte med administrasjonen, KNM-utvalet og Friluftsrådet hausten 2009. Formålet med møtet var å peike ut viktige område for sikring av friluftareal. Desse områda er omtala i tabell 1.

2. MÅLSETTINGAR

Sula kommune sin visjon

Sula skal vere den leiande kultur- og friluftskommunen i Ålesundsregionen med aktive innbyggjarar som opplever samkjensle og identitet.

2.1 Målsetting for idrett

Hovudmål

”Idrett og fysisk aktivitet for alle” har vore definert som prinsippet for den offentlege idrettspolitikken. Dette signaliserer at alle menneske har rett til å drive idrett ut i frå føresetnader, behov og interesse.

Vilkåra for å nå målsettinga er m.a.:

- å sikre idrettsanlegga best moglege rammevilkår
- å bidra til at anlegga blir utvikla i tråd med idretten sine behov og ønskje
- å gjere idrettsanlegga mest mogleg tilgjengelege for alle brukargrupper i alle livets fasar – universell utforming
- å byggje og vedlikehalde anlegga slik at dei stettar den standard dei er bygde for og som klassifisering og aktivitetsnivå tilseier.

Delmål

Anlegg og rehabilitering:

1. Kommune- og reguleringsplanar skal ha innarbeidd areal og anlegg for leik, idrett og friluftsliv.
2. Anleggsutbygginga og tilrettelegginga må skje i samsvar med dagens behov og dei behova som vil melde seg i framtida
3. Idretten og friluftslivet sine behov for areal og anlegg må samordnast
4. Leggje vekt på å sikre område og byggje anlegg som dekkjer behova for fleire idrettar, aktivitetar og brukargrupper
5. Leggje til rette for universell utforming og sikre at funksjonshemma har gode og varierte høve for friluftsliv og tilgang til flest mogleg idrettsanlegg dei kan vere eit tilbod til fleire grupper (t.d. funksjonshemma og eldre)
6. Ta omsyn til miljømessige og estetiske forhold ved bygging og tilrettelegging for idrett og friluftsliv
7. Prioritere rehabilitering/istandsetting av anlegg framfor nye anlegg

Delmål

Aktivitetar og tilgang:

1. Fleire i aktivitet gjennom partnerskapet for God Helse ved oppmoding om å sykle og gå til trening og arbeid.
2. Prioritere barneidrett, med vekt på leik og allsidigheit. Barn i alderen 5 – 12 år bør ha tilbod om idrettskule.
3. Prioritere og leggje til rette for fysisk aktivitet gjennom gratis tilgang til offentlege anlegg for barn og ungdom i alderen 5-19 år.
4. Prioritere samarbeid og samarbeidsprosjekt mellom dei ulike laga og idrettane
5. Motivasjonssamlingar for auka fokus på frivilligheit
6. Prioritere utdanning av leiarar og trenarar på alle nivå
7. Prioritere utdanning av leiarar gjennom kommunal kompetanse

2.2 Målsetting for fysisk aktivitet (friluftsliv)

Hovudmål

Vi vil sikre og legge tilrette friluftsområde for alle ved å satse på enkle, tradisjonelle aktivitetar med små krav til tilrettelegging og personleg utstyr.

Delmål

Vi skal sikre tilgang på grøntareal, turvegar, større naturområde, bade- og fiskeområde slik at alle kan utøve eit variert friluftsliv i kvardagen..

Eksisterande friluftsområde

1. gjennom arealplanlegginga ta omsyn til dei områda som blir nytta til friluftsliv og prøve å ta vare på dei friluftskvalitetane desse områda har
2. areal som i dag ligg nærast urørte, må bli bevarte utan inngrep og arealbruksendringar som kan forringe verdien for natur- og friluftaktivitetar

Sikring/innløyising av regulerte friluftslivs- og friareal

1. Ei svært viktig oppgåve er å sikre regulerte friluftslivs- og friområde. Sikring av friluftslvsområde kan skje i form av kjøp eller servitutt. Tabell 1 viser særleg viktige område å sikre for ettertida.
2. For regionalt viktige område må vi samarbeide med Friluftslvsrådet for Ålesund og omland.
3. Det må setjast av midlar i budsjettet for å gjennomføre ei gradvis sikring av dei viktigaste areala innafør ei fastsett tidsramme.

Tabell 1. Prioriterte område for sikring av friluftslvsområde

Område	Merknad
1. Langevågsholmane	Storholmen og Brennholmen er sikra
2. Vasset Friluftslvs- og idrettspark (sør)	I første rekke området mellom Rideklubben og Sula jeger- og fisk, deretter vidare oppover langs Vonløypa.
3. Raudåvatnet, Sandvikfjora, Bakkevika (rest)	Badeplassar nær busetnad og mykje brukte plassar
4. Vågevatnet	I samband med tursti
5. P-areal : Sandvika og Høghaugen	P-plass i tilknytning til turveg/sti mot Kalvestad og turmål i Solavågen
6. Molværshamna	Naustmiljø/nærmiljø: rekreasjonsområde og undervisningsformål

Tilrettelegging for fysisk aktivitet

1. Legge til rette for mest mogleg allsidig friluftslvs for alle grupper innafør befolkninga utan å forringe naturkvalitetane
2. Friluftslvsområde utan spesielle tilretteleggingstiltak børe vere fri for slike, dersom ikkje endringar i aktivitetsnivå tilsei noko anna. Mange friluftslvsutøvarar likar best urørt natur.
3. Prioritere tilrettelegging for friluftslvs i nærmiljøet, t.d. at det ved utbygging av bustadfelt blir sett av tilstrekkelege areal til nærmiljøområde og turvegdrag til aktuelle friluftslvsområde.
4. Arbeide for tilrettelegging av turstiar for rullestolbrukarar, også utan følgje. Lysløypa rundt Vassetvatnet er eit godt døme på ei slik løype.
5. Skilte og merke turstiar og løyper.
6. Skjøtsel og vedlikehald av turstiar

Stimulering til fysisk aktivitet

1. Legge til rette for aktivitetar som alle kan delta i, som t.d. Sulaturen som har eksistert sidan 2005 og i 2009 har heile 13 turmål.
2. Ei viktig oppgåve for kommunen, i samarbeid med ulike lag og organisasjonar, er å informere om friluftslvsalternativa i kommunen, og opplyse om tilrettelegging for funksjonshemma der det er aktuelt.
3. Utarbeiding av kart og informasjonsmateriell er eit alternativ til direkte inngrep, som merking og/eller bygging av turveggar
4. Oppmode om å gå, sykle eller jogge til trening

2.3 Økonomisk deltaking frå kommunen

For å nå måla i denne planen, må kommunen delta også økonomisk. Midlar til idretts- og friluftsmål blir avgjort gjennom særskilte vedtak i samband med økonomiplan og årsbudsjett.

Kommunen sitt økonomiske engasjement innafor idretts- og friluftsområdet kan skisserast slik:

Tabell 2.kommunalt engasjement innafor idrett- og friluftsliv.

	Budsjett 1999	Budsjett 2004	Rekneskap2009
Friluftsliv- og idrettsanlegg	41.000	32.000	31.000
Bygging av grunn (leigeavtalar bade/leikeplassar)	12.000	22.000	20.000
Friluftslivsområde (kontingent friluftslivrådet)	44.000	55.000	67.000
Naturverntiltak/friluftstiltak	26.000	30.000	
Tilskott til private leikeplassar	29.000	34.000	40.000
Kulturtilskott	206.000	71.000	32 000*
Sum	358.000	244.000	190 000

*gjeld tilskot ved fordeling av dei ordinære kulturmidlane (90 000 kr.).

I tillegg bør det takast med:

- Kommunen sine driftsutgifter med Sulahallen: kr 789.148 i 2008.
- Kommunen betaler straum for lysløypene
- I samband med utbygging av kunstgrasbaner i Mauseidvågen og Langevåg vart det i 2007 gitt eit tilskot på 1 700 000 kr, 187 000 kr. til leige av banene i tre år og mellomfinansiering på momsrefusjon 1 626 450 kr.
- Kommunen tilrettelegger for Sulaturen og bedriftskonkurransen, 58 000 kr i 2009.
- Kommunestyret gav barn og unge under 18 år fri halleige frå 1.1.09 –31.12.09 og ber om at det kan vidareførast i budsjettet for 2010.

Bidrag frå idretten

Idrettslaga i Sula bidreg til drift og anlegg med betydelege ressursar gjennom dugnad.

Omfanget av frivillig arbeid utgjer om lag 30 årsværk til drift eller tilrettelegging for fysisk aktivitet for ca.1700 aktive, av desse om lag 1000 i alderen 5-19 år.

26 % går til stell av anlegg/ lagshus, 41 % til administrativ tilrettelegging og 33 % til legge til rette for fysisk aktivitet. (tal frå førre kommunedelplan)

3. UTFORDRINGAR

Frivillige

Drivkrafta i det frivillige arbeidet er å drive med aktivitetar som gir mening.

Den største utfordringa er å ta vare på og vidareføre dugnadsånd og innsats, dvs ta vare på eldsjelene som nyttar "fritida" si til ideelt arbeid i idrettsrørsla. Det er ei kjensgjerning at mange organisasjonar har eit rekrutteringsproblem.

3.1 Utfordringar innan idrett

Barne- og ungdomsidrett

Dei siste åra har det kome klare signal frå statleg hald om at allsidig idrettstilbod for barn og unge skal prioriterast. Jo yngre barna er, jo viktigare er det at aktivitetane er allsidige og lite spesialiserte. Idrettslaga på Sula har i dag eigne barneidrettsgrupper. Behov for dette viser ulike undersøkingar om barn og unge sitt aktivitetsbruk og kva dette kan medføre, sjå tekstboksen.

Barn (6-12 år)

- Barn er mindre fysisk aktive enn tidligere. En 10-12 åring sitter ca. 3 timer daglig foran fjernsyn, video eller datamaskin. Transport med bil/buss til skole, barnehage og fritidsaktiviteter øker (Sosial- og helsedepartementet, 1997).
- Barn som er aktive i et mangfoldig utemiljø tilegner seg teoretisk lærdom lettere, får bedre konsentrasjonsevne og bedre motorikk enn barn som ferdes i et sterilt utemiljø (Sosial- og helsedepartementet, 1997).

Idrett og fysisk aktivitet i nærmiljøet

Vektlegginga av nærmiljøanlegg er tufta på eit viktig pedagogisk prinsipp: ”frå det nære til det fjerne”. Barn og unge må få høve til å drive idrett i nærmiljøet, og vi må leggje forholda til rette for at dei kan drive idrettsaktivitetar på eige initiativ. Også organiserte aktivitetar bør skje i nærmiljøet. Dersom aktivitetane skal vere tilgjengelege, er det ein føresetnad at barn og unge ikkje er avhengige av at vaksne må køyre til og frå trening.

I framtida må det leggjast større vekt på anlegg som gir høve for mange aktivitetar. I tillegg til

dei tradisjonelle fleirbruksanlegga, bør det også leggjast til rette for kombinasjonar mellom skule, barnehage, idrettsanlegg, trim- og friluftsområde.

Prioriteringa av eit allsidig idrettstilbod for barn og unge og av nærmiljøanlegg har vorte stadfesta gjennom dei tilskottsordningane som kjem nærmiljøanlegg og idrettsskular for barn og unge til gode.

I tilskotssamanheng bør også kommunen prioritere anlegg og organisasjonar som legg vinn på tilknytning til nærmiljøet og aktivitetar tilrettelagde for barn og unge.

Det er mange unge som sluttar med idrett når dei nærmar seg 15-årsalderen. Det er ei utfordring å få fleire tenåringer til å fortsette. Dette har mellom anna med kva slags idrettsgreiner som finst. Det bør arbeidast for å utvide idrettstilbodet.

Sula kommune ønskjer eit bredt tilbod av ulike aktivitetar. Fysisk aktivitet gir store helsegevinstar.

Ungdom (13-19 år)

- Norden ligger svakest an i Europa når det gjelder avsatt tid til kroppsøving de tolv første skoleårene (EUPEA-96 K.Ø.5-97).
- Stadig færre ungdom deltar på organiserte aktiviteter og er medlemmer av idrettslag (NIF: Ung og aktiv, 1998).

Fysisk aktivitet og helse

I handlingsprogrammet for fysisk aktivitet 2005- 2009 ”Sammen for fysisk aktivitet” er det tilrådd eit aktivitetsnivå på minimum 30 – 60 minuttar om dagen. Regelmessig fysisk aktivitet beskyttar mot utvikling av hjarte- og karsjukdommar, høgt blodtrykk, diabetes type 2, overvekt, fedme, tjukktaarmskreft, brystkreft og andre kreftformer.

Fysisk aktivitet er viktig for muskel-, skjelett- og leddhelse. Fysisk aktivitet har også positiv effekt på lese- og skrivekunnskap hos barn med motoriske vanskar.

Vaksne

- 29 % av de vernepliktige strøk i 1998/99 på Forsvarets kondisjonstest, 3 000 meter løp – hvor kravet er 15 minutter (Forsvaret).
- 53 % av den norske befolkningen over 15 år er fysisk aktive (MMI, 1997).
Utviklingen går mot at den aktive gruppen blir mer aktive, samtidig som den helt inaktive gruppen blir stadig større.
- Belastningslidelser koster det norske samfunnet om lag 40 milliarder kr i året (Sosial- og helsedepartementet, 1998).
- Fra 1 960-årene fram til 1999 økte vekten på 40 årige norske menn med 9,1 kg. Tilsvarende tall for kvinner er 3,7 kg (Statens helseundersøkelser).

Frå Veileder i kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet

Breiddeidrett

Breiddeidretten indikerer breidde både i kvalitativ og kvantitativ mening. Ei rekkje aktivitetar har det felles at prestasjons- og konkurranseorienteringa er relativt låg, og at det er aktivitetar som engasjerer eit breitt lag av befolkninga.

Over 40 % av alle nordmenn driv regelmessig fysisk aktivitet og mosjon (minst) ein gong i veka.

Friluftaktivitetane utgjer størstedelen innafor breiddeidretten i Noreg, både i organisert og uorganisert samanheng. Hovudtyngda av trening og mosjon skjer i friluft og utanfor idrettsanlegga.

Ved sidan av dei tradisjonelle idrettslaga, har også bedriftsidrettslaga og private idrettstilbod (som t.d. helsestudio og aerobic) stor oppslutning.

Konkurranseaspektet utgjer ein relativt liten del av idretten. Rundt 15 % av utøvarane deltek i idrettskonkurransar, stemne eller oppvisningar av ulike slag.

Toppidrett

3 % av idrettsutøvarane blir rekna som toppidrettsutøvarar, dvs på landslagsnivå.

For å imøtekome både det faglege og økonomiske apparatet som krevjast for å drive toppidrett, har det vore etablert organisasjonar på tvers av kommunegrensene. Møre og Romsdal Idrettskrets (MRIK) er bindeleddet over kommunegrensene.

Også dei fysiske krava til idrettsanlegget aukar dersom anlegget skal nyttast til konkurranse- eller toppidrett. Sulahallen og t.d. Langevåg Skyttarlag, Vasset Diskgolf Langevåg IL og Sula Ride- og Fritidssenter sine anlegg kan nyttast til konkurransar på nasjonalt nivå.

Idrettstilbod for personar med funksjonshemmingar

Det offentlege har eit overordna ansvar for befolkninga si helse, både psykisk og fysisk.

Fysisk aktivitet er eit viktig verkemiddel for ei best mogleg helse, både for funksjonsfriske og personar med funksjonshemmingar.

Idrett og fysiske aktivitetar for personar med funksjonshemmingar har etter kvart fått fotfeste

både innafør det offentlege og i idrettsorganisasjonane. Nøkkelord i regjeringa sin Handlingsplan for funksjonshemma er høve til deltaking og likestilling. Manglande tilbod skuldast ofte dårleg og manglande tilrettelegging, både på anleggs- og aktivitetssida.

Det er viktig at rekruttering av leiarar ikkje stoppar opp. Det er behov for aktive leiarar for å drive idrettstilbod for funksjonshemma.

I Sula arbeidar Mauseidvåg og Solevåg IL med undergruppa ”Idrett for alle”. Denne gruppa er eit godt døme på gode tilrettelagte aktivitetar for personar med psykiske og fysiske funksjonshemmingar. Gruppa starta opp i 2007 og har m.a. tur- og ballaktivitetar på programmet.

Funksjonshemma er ei variert gruppe med svært ulike behov for tilpassingstiltak. Mange anlegg og aktivitetar er tilrettelagde, men vi har på langt nær tilbod til alle. Dette er eit ansvar og utfordring som vi - kommunen og laga, må fokusere på i framtida.

”1. januar 2009 ble en ny og offensiv lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven) iverksatt. Formålet med loven er å styrke det rettslige vernet mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjons evne og hindre diskriminering, blant annet på grunn av manglende tilgjengelighet. Loven har en plikt til universell utforming av virksomheter som retter seg mot allmennheten, det vil si publikumsrettede virksomheter. Offentlige og private virksomheter rettet mot allmennheten har også en plikt til å arbeide aktivt for universell utforming.”

(” Norge universelt utformet 2025” Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013)

Idrett og integrering

Ungdomsundersøkinga i Oslo (1996) viser at ungdom med innvandrarbakgrunn er sjeldnare medlem av idrettslag enn ungdom elles, særleg gjeld dette jenter (Handlingsplan for fysisk aktivitet). Det krev initiativ hos idrettslag og kommune for å få ein større del av innvandrarungdom med på idretts- og fritidsaktivitetar.

Idrettstilbod til eldre

Utviklinga viser at vi får eit samfunn der dei eldre utgjer ein stadig større del av befolkninga. Behovet for aktivitetstilbod til denne gruppa vil dermed også auke, og vi bør leggje til rette for fysisk aktivitet i tilknytning til nærmiljø, eldrebustader og institusjonar.

Både aktivitetar og anlegg må tilpassast dei eldre, som på ingen måte er ei einsarta gruppe m.o.t. behov.

Fotturar, skiturar og turmarsjar i passe lengde (i eigna terreng), saman med bruk av ledig anleggskapasitet på dagtid, er vere aktuelle aktivitetar.

Seniorgrupper i lag og organisasjonar som t.d. seniorgruppa i Sula Turlag er eit tilrettelagt og godt tilbod.

Nye retningar innan idretten

Idrettsanlegga i Sula er i stor grad tilpassa tradisjonelle idrettar, som t.d. handball og fotball. Utviklinga dei siste åra viser at det er nye idrettar som vinn terreng, og mange av desse krev eigne anlegg og/eller spesiell tilrettelegging.

Eksempel på nye aktivitetar/idrettar er t.d. diskolf, snøbrett, sandvolleyball og rullebrett (skateboard) og cricket.

Vasset diskolf har t.d. hatt ein svært god utvikling med ein ung nasjonal meister og anlegget

er tilrettelagt for nasjonale meisterskap. .

Ei utviding av idretten med tilbud til nye grupper og nye aktivitetar er ei utfordring for den organiserte idretten og kommunen.

Ei stadig utviding av tilboda vil medføre større behov for samarbeid og samordning både når det gjeld utbygging, tilrettelegging og bruk av anlegg.

Samarbeid mellom organisasjonane

Det er eit behov for å betre samarbeidet mellom organisasjonane. Sula er ein liten kommune i areal, og avstandane er korte. Eit tettare samarbeid mellom idrettslaga og kommunen vil kunne gi betre utnytting av anlegg og samordning kan vere med å auke kvaliteten og leggje grunn for fleire tilbod. Idrettsrådet har her ein heilt sentral plass og oppgåve som samlande for idretten på Sula..

Idrettsrådet

Idrettsrådet er ein 100% frivillig paraplyorganisasjon som skal synleggjere idretten sitt behov overfor politikarar og bidra til kontakt mellom laga, skulen og andre organisasjonar som arbeider med fysisk aktivitet. Idrettsrådet har rapporteringsplikt til Møre og Romsdal Idrettskrets (MRIK) og NorgesIdrettsforbund (NIF).

3.2 Utfordringar innan friluftsliv

Sula har ein variert natur, med små areal og ein busetnad som ligg tett langs dei flatare partia nær og ved sjøen. Strandlina er mest utsett for inngrep. Strandområda er viktige friluftsliv- og naturområde, og det er viktig å avgrense inngrep i dei areala som er definerte som friluftsliv- og friområde.

I kommunen er det mange moglegheiter til å drive ei rekkje ulike friluftslivaktivitetar. Dei topografiske tilhøva med holmar og skjer, strender, fine våtmarkssystem, skog og snaufjell gir høve til varierte opplevingar frå hav til fjell.

For Sulafjellet bør vi generelt satse på innfallsportane. Fleire parkeringsplassar og betre merking av råsene er viktig. Vi har stort sett eit bra utvikla stinett som knyter dei ulike områda saman, men mange av desse treng utbetringar og i enkelte område er det behov for nye trasear.

Tilrettelegging for friluftsliv vil vere ulike fysiske inngrep - som merking av stiar og parkeringsplassar. Dette må skje mest mogleg skånsamt, med omsyn til naturen. Det vil også vere viktig med opplysning og stimulering til friluftsliv. Betre merking av løypenettet må prioriterast.

I område som er viktig for regionen, som t.d. Langevågsholmane, er Friluftsrådet for Ålesund og omland ein viktig samarbeidspartnar.

Med relativt små økonomiske kostnader er det mogleg å gjennomføre friluftstiltak som kjem mange til gode.

Areal

Sikring av areal er ei av dei store utfordringane vi har. Det vil vere viktig å sikre dei nødvendige areala til friluftsliv i alle delar av kommunen. I kommuneplanen (arealdelen) er fleire friluftsliv- og friområde sett av langs strandlina, desse områda er viktige å bevare. Generelt bør desse områda bli liggjande utan større tilrettelegging og tiltak langs vatn og vassdrag (strandlina). Vi bør konsentrere aktivitetane på få lokalitetar. Det er viktig at kommunen kan løyse inn dei viktigaste areala.

Brukarane

Ein viktig føresetnad for å vere fysisk aktiv på fritida er nærleiken og tilgang til eigna tilbod. Barn og unge er avhengige å ha tilbod nær bustaden, medan vaksne er meir mobile. Eldre og personar med funksjonshemmingar stiller større krav til fysisk tilrettelegging og nærleik til tilboda.

Sjølv om ein mindre del av friluftslivet skjer i nærmiljøet, synest ein større del av dette å skje med utgangspunkt i nærmiljøet. Mange går eller sykklar til friluftsområda, og ønskjer kort avstand til større naturområde. Det vil vere viktig å opparbeide trafikksikker tilkomst med gang-/sykkelsti til desse områda

4. VERKEMIDDEL

4.1 Kommunal planlegging

Kommuneplan

Etter plan- og bygningslova skal alle kommunar utarbeide ein kommuneplan som skal samordne den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunen.

Kommuneplanen skal vurderast minst ein gong i kvar valperiode.

I kommuneplanen sin arealdel har vi avsett grøne område, som friområde eller regulert friluftsområde.

Kommunedelplan

Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv er ein tematisk delplan av kommuneplanen. Forutan å vere retningsgjevande for ei planmessig og samordna anleggsutbygging, er planen også retningsgjevande for tilskott av spelemidlane. Sidan 1989 har det vore eit krav at kommunane skal ha ein vedteke plan for idrettsanlegg. Plankravet vart utvida i 1994, og har eit krav at kommunane skal ha ein vedteken kommunedelplan som skal omfatte:

- idrettsanlegg
- anlegg og område for friluftsliv
- nærmiljøanlegg
- rehabilitering av idrettsanlegg.

Det er eit vilkår for å få tilskott av spelemidlane til idretts- og friluftsmål at plankravet er oppfylt.

Idretts- og friluftslivplanen er eit viktig grunnlag for ei målretta anleggsutbygging i kommunen. Gjennom planlegging skal vi ta vare på idretts- og friluftslivinteressene. Vi må søkje å unngå at område blir omdisponert slik at retten til fri ferdsel fell bort eller blir redusert. Viktige friluftsområde bør sikrast ved kjøp eller servituttavtale.

Barn og unge sine interesser har fått sterkare fokus mellom anna i den nye plan og bygningslova. Under formålsparagrafen står: ” *Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.* ” I tillegg har vi dei rikspolitiske retningslinene for barn og unge sine oppvekstmiljø som gir kommunen pålegg om å setje kvalitetskrav til anlegg som nyttast av barn.

God Helse - partnerskapet

Sula kommune har sidan april 2009 vore ein del Folkehelseprogrammet i Møre og Romsdal fylke.

Målet er å byggje opp eit systematisk folkehelsearbeid i kommunen ved å tilskunde fysisk aktivitet, rett kosthald og sunne haldningar til helse.

Temaområde er:

- Fysisk aktivitet
- Kosthald
- Tobakk
- Rusførebygging
- Psykisk helse
- Sosiale skilnader i helse

Plan for førebygging, rehabilitering og omsorg i Sula kommune 2008 - 2011

Idretten ynskjer å samarbeide med helse- og sosialetaten om førebygging og helsefremming.

Det utvida omgrepet ”førebyggande tiltak” kan også omfatte idrett og friluftsliv.

Førebyggande arbeid med sikte på å redusere sjukdom vil også kunne påverke behovet for pleie- og omsorgstenester på sikt.

Miljø- og klimaplan for Sula kommune 2009 – 2013

I planen vil fleire tiltak bidra til å legge til rette for auka aktivitet. Mellom anna oppmodar planen til auka gange og bruk av sykkel til og frå arbeid og skule. Ved gjennomføring av tiltaka i miljø- og klimaplanen vil ein også få auka fokus på aktivitet i det daglege.

4.2 Sikring av areal

Areal for leik, idrett og friluftsliv må sikrast gjennom kommuneplan, delplanar og reguleringsplanar. I planlegginga må vi vere særleg merksame på dei rikspolitiske retningslinene for å styrkje barn og unge sine interesser.

Det er viktig å setje av eigna areal til leik, idrett og friluftsliv i bustadområde. Dette bør vurderast før bustader og veger blir plassert.

Det bør for framtida settast av eigne midlar for sikring av areal til friområde. Sjå elles punkt 2.2. og tabell1.

4.3 Tilskottsordningar

Statlege tilskott, spelemidlar (SM)

Tilskott av SM blir gitt til ordinære anlegg for idrett og friluftsliv, nærmiljøanlegg, rehabilitering av idrettsanlegg, helsesportsanlegg, ombygging til handikaprøkte anlegg og til anlegg for friluftsliv i fjellet.

Anlegga må vere opne for allmenn idrettsleg verksemd, og ikkje vere underlagt kommersielle interesser.

”Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstillar borna sin trong for fysisk aktivitet i organiserte eller eigenorganiserte former vert prioriterte særskilt. Når det gjeld ungdom er det eit mål å utvikle anlegg som tilfredsstillar ungdommen sin trong for utfordringar og variasjon. Ungdom må gjevast høve til å medverke i utforminga av anlegg. Anlegga bør fungere som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna.” (KKD: 2009)

Idrettslag, velforeiningar, friluftorganisasjonar, kommunen og andre samanslutningar som ikkje har kommersielt formål kan såleis søkje om tilskott av spelemidlar.

Prosjekt det blir søkt om skal inngå i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

Kor mykje kan det søkes om?

Hovudregel for ordinære anlegg inkludert rehabilitering: Inntil 1/3 av godkjent kostnad opp til eit tilskot på kr 700 000. For anlegg som er ferdig, søkes det på bakgrunn av rekneskap. Merk: Samla statlig tilskot kan ikkje overstige 50% av godkjente kostnader. Summen av offentlige tilskot (kommunale midlar, fylkeskommunale midlar og statlige midlar inklusive spelemidlar) kan ikkje utgjere eit større beløp enn kontantutgiftene i kostnadsoverslaget.

Nedre grense for godkjent kostnad

Det settes ei nedre grense på godkjent kostnad, p.t. kr 150 000 ved berekning av tilskot.

For kart er nedre grense for kostnaden satt til kr 75 000. For nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv i fjellet gjeld egne reglar.

Det er sett ein del formelle krav til søknader om spelemidlar, m.a. idrettsfunksjonell godkjenning.

Fylkeskommunale tilskott

Fylkeskommunen kan gi investeringstilskott og driftstilskott til fylkesanlegg. For slike anlegg krev fylkesmannen at vertskommunen gir eit minst like stort investeringstilskott og årleg driftstilskott som fylket.

Kommunale tilskott

Kommunen kan gi tilskott til innløyising av areal, opparbeiding og drift.

Årlege tilskott av dei ordinære kulturmidlane (kr. 75 000) til lag og organisasjonar blir vanlegvis behandla ein gang i året, med søknadsfrist 15. september.

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og fylkesmannen

Kvart år blir det avsett midlar over statsbudsjettet til friluftslivsmål. DN ved fylkesmannen prioriterer dei enkelte prosjekta og fordeler tilskottsmidlane. DN har også juridisk kompetanse som kommunane kan nytte i innløyisingssaker av friluftslivsområde.

DN sender årleg ut eit rundskriv om "Tilskuddsordningar til naturforvaltningstiltak". I dette er inkludert friluftslivsmål. Tilskotta varierer frå 20 - 100 % av totalkostnaden. Dei fleste tilskotta ligg rundt 50 % av kostnaden.

Sikring av område har full statleg finansiering ved erverv eller servituttsikring. Føresetnaden er at området har eller vil få regional tyding som friluftslivsområde.

Kultur og kirkedepartementet - LAM(Lokale aktivitetsmidlar)

KKD gir årleg tilskot til lokale lag og foreningar. Stortinget har gjennom St.meld.nr. 27 (1996-1997) og 44 (1997-1998) understreka behov for å betre ramme vilkåra for frivillig medlemsbasert virke for barn og ungdom difor vert det gitt driftstilskot til klubbane basert på aktivitet. Idrettsrådet fordeler tilskotspotten.

SMIL-midlar

Landbruks- og matdepartementet har eiga stønadsordning til særskilte miljøtiltak i landbruket. Ordninga omfattar også stiar, turvegar, informasjonstavler etc. Det interkommunale landbrukskontoret har meir informasjon om denne ordninga.

4.4 Friluftsrådet

Sula kommune var med å stifte Friluftsrådet for Ålesund og omland i 1974. Friluftsrådet har hatt varierende aktivitetsnivå, men i 1992 vart det tilsett dagleg leiar i fast stilling. I dag ligg kontoret i Ørskog. Friluftsrådet har kompetanse og kapasitet til å arbeide for friluftslivet i større grad enn kommunane. Rådet arbeider i første rekkje med regionale spørsmål, medan kommunen tek seg av dei lokale sakene.

Friluftsrådet fungerer som eit rådgjevingsorgan i friluftsspørsmål for medlemskommunane, organisasjonar og andre offentlege organ.

Hovudmålsettingane til rådet er:

- stimulere friluftslivet i regionen
- sikre, legge til rette for og vidareutvikle friluftsområde
- drift av eksisterande friluftsområde
- gi råd til medlemskommunane

5. REGISTRERINGAR

Kart og tabell over friluftsområda og idrettsanlegg ligg ved som egne vedlegg, sjå kapittel 9. Handlingsprogrammet er vedlegg nr 9.7.

6. ANALYSE AV BEHOV FOR AREAL, OMRÅDE OG ANLEGG

Bakgrunns materialet er varierende m.o.t. å skildre situasjonen for ulike idretts- og friluftaktivitetar. For idretten har vi ein relativt god oversikt over aktivitet og behov vidare. For friluftsliv generelt er det mykje vanskelegare å kartleggje aktivitetane.

Det vi veit, er at det blir drive friluftaktivitetar i heile kommunen, og at svært mange tek del i dette. Viktige område er fjell- og skogsområde, Veddemarka, sjøen og delar av strandlina.

6.1 Analyse av behov

Idrettsmøte 2006 og 2009

11 personar deltok på ”framtidskveld” hausten 2006 og 18 deltok på ”oppstartmøte” våren 2009. Det er eit noko tynt grunnlag å basere tilstand og behov på, men kompetansen til dei frammøtte er god og gir likevel eit representativt grunnlag.

Generelle trekk for dei to møta var at anleggsdekninga og mangfaldet i aktivitetar er for dårleg.

For friluftslivet sin del så er resultatet totalt sett nokså tilfredsstillande.

Når det gjeld frivilligheita så var det ønskje om å betre frivilligsituasjonen ved skoloring, kompetanseheving, motivasjonsamlingar og ein eigen frivilligplan for kommunen.

Behov for tiltak er elles lagt i tabellar og vedlegg som nemnd under punkt 1.3.

Utviklingstrekk

Vi har noko talmateriale på medlemstal hos dei ulike aktørane. Vi har valt å presentere utviklinga hos desse idrettslaga, som også utgjer ein stor del av idrettsaktørane. MSIL, Langevåg IL og Fiskerstrand IL er vist i tabellen nedanfor

Tabell 3. Oversikt over tal på medlemmar i LIL, FIL, MSIL, Kilde: heimeside- Idrettsrådet

		1992	1995	1999	2004	2006	2008
LIL	Barn	297	295	295	361	573	598
	Vaksne	526	510	510	330	416	132
FIL	Barn	169	198	198	123	186	197
	Vaksne	320	315	315	268	291	212
MSIL	Barn			295	190	279	279
	Vaksne			510	250	269	281

Andre registrerte idrettslag/organisasjonar i Idrettsrådet er Sula Sykkelklubb, Sula Danseklubb, Sula Ride- og fritidssenter, Sula Sportsdykkarklubb, Sula skyttarlag og Nordvest Paraglidersklubb. Av desse er danseklubben størst med nær 200 medlemmar.

Som vi ser i tabellen er det relativt små endringar utanom LIL og FIL som har sterk reduksjon i vaksne mens barnegruppene er meir stabile. Over tid har også vore vesentleg reduksjon i den vaksne gruppa i MSIL.

Folketal - utvikling

I dette kapittelet har vi delt inn kommunen etter plansonene i arealdelen til kommuneplanen:

Ytre : Langevåg

Midtre: Fiskarstrand, Mauseidvåg og Søre Sula

Indre : Solevåg, Veibust

Tabell 4. SSB folkemengde, grunnkrinsar

Planområde	1980	1985	1990	1995	2000	2002	2006	2008
Ytre	3709	3673	3609	3635	3803	3932	4108	4125
Midtre	1771	1818	1863	1837	1882	1951	1953	1985
Indre	1079	1253	1248	1255	1215	1346	1428	1479
Uoppgitt	9	46	4	96	170		12	36
Sum	6568	6790	6724	6823	7070	7229	7501	7625

Utviklinga i folketalet har vore aukande for Sula. Som vist i tabell 4 er veksten fordelt på alle delområde. Sula kommune har hatt ein jamn vekst i folketalet. Den største auken har skjedd frå slutten av 1990-talet og fram til i dag. Auken fordeler seg relativt jamt i heile kommunen. Det er likevel årlege svingingar mellom planområda alt etter tilgangen på byggeareal. Tendensen dei siste åra er størst auke i folketalet i den ytre og indre delen av kommunen. Dette heng mellom anna saman med meir konsentrert utbygging i Langevåg, og utbygging av bustadfelt i Bjørkavågen og på Sunde.

Auke i folketalet vil etter kvart legge større press på aktivitetsflatene og behovet for nye flater er allereie påtrengande.

7. KOMMUNALT ENGASJEMENT I ANLEGGsutbygging

Anleggsutbygging

Svært mange tradisjonelle idrettsanlegg i Noreg er bygd med støtte av spelemidlane. Kommunen er med som saksbehandlingsledd i sjølve søknadsprosedyren om spelemidlar. Kommunane har fått delegert ansvaret for førehandsgodkjenning dei fleste typar anlegg som det blir søkt spelemidlar til. Også anlegg som skal godkjennast i departementet skal vurderast i kommunen.

Ved kostnadskrevjande bygg og anlegg må kommunen sjølv vere byggherre eller stille garanti for byggje- og driftskostnadene.

Sula kommune har ikkje bygd idrettsanlegg i eigen regi. Det næraste er Sulahallen, som kommunen fekk reist ved hjelp av ein stiftelse, skipa av kommunen.

Fylkesanlegg legg ansvar både på fylkeskommunen og vertskommunen, m.a. gjennom årlege driftstilskott. Sula har eitt fylkesanlegg; Sula Ride- og Fritidssenter i Vasset Friluft- og Idrettspark.

Økonomien i Sula er svært stram, og det er lite rom for at kommunen kan ta på seg utbyggingsansvaret for nye anlegg dei næraste åra. Det er planlagt ein fleirbrukshall i samband med utbygginga av Solevåg skule.

Samarbeidstiltak

Kommunen saman med idrettslaga har som hovudmål å legge til rette for idretts og friluftsliv i kommunen. I dette ligg å syte for

- gode anlegg
- kunnskap om fysisk og psykisk helse

Skulebruksplan

Skuleelevar i Sula får undervisning og opplevingar også utanfor klasserommet.

Idretten ynskjer å samarbeide med skulen både på anlegg og kunnskap. Alle laga oppdaterer kontinuerleg anlegga sine. Desse kan og bør vi samarbeide om i langt større grad enn no.

Dette er samfunnsøkonomisk og ”vinn- vinn” for begge partar.

Idretten ynskjer og at skulen opparbeider betre anlegg på alle skulane tilpassa respektive alderstrinn. Sandvolleybane, klatrevegg, småbarnsleikepark, urørt natur m.m. er aktuelle anleggstypar. Alle skulane bør innarbeide areal til slike formål i tiltaksplaner.

Idretten ynskjer å samarbeide med skulen for å heve kunnskapsnivået om kva idrett og friluftsliv har å seie for fysisk og psykisk helse. Her må vi kunne gå saman og komplettere læreplan til beste for elevar både med ordinære og nye aktivitetsønskemål. Dette kan kommunen bidra med sjølv om økonomien er stram. Nettopp i tronge økonomiske kår er det viktig å tenke tverrsektorielt og tverrfagleg.

8. EVALUERING AV PLANPERIODEN 2006- 2009

Anlegg som framleis er aktuelle, er vidareført i handlingsplanen for denne planperioden. Mange av førre planperiodes prosjekt er ikkje gjennomført og kan samla sett virke nokså ambisiøst. Mange av planane har ikkje vore prioritert av laga og det har aldri vore starta ein søknadsprosess. Det er likevel ønskjer som vert overført den uprioriterte lista. Under følgjer liste over gjennomførte prosjekt i planperioden. Ikkje alle har fått tildelt spelemidlar men står for tur.

8.1.Gjennomførte prosjekt

Langevåg Skyttarlag:

Elektronisk skiveanvisning 100 m: tildelt 101.000 kroner i spelemidlar

Sula Rideklubb:

Utandørs sprangbane tildelt spelemidlar : tildelt 160 000 kroner i spelemidlar

Innandørs ridebane, rehabilitering: tilsegn på 52 000 kroner i spelemidlar

Langevåg IL:

Lysanlegg grusbane: tildelt totalt 230 000 kroner i spelemidlar.

Kunstgrasbane m/lysanlegg : tildelt 2 500 000 kroner i spelemidlar

Fiskarstrand IL:

Ballbinge, Lømyra: tildelt 200 000 kroner i spelemidlar

Mauseidvåg og Solevåg IL:

Turløype, Mausavatnet: tildelt spelemidlar kr. 200 000. Turstien går frå Allheim til Bakkevika, på sørsida av vatnet

Rehabilitering Allheim: her var planlagt drenering og nytt tak men berre dreneringa vart gjennomført. Tildelt spelemidlar kr. 52 000 men totalt utbetalt 39 000 kroner

Kunstgrasbane m/lysanlegg: Er førebels ikkje tildelt spelemidlar

Kaldtlager: førebels ikkje tildelt spelemidlar

Bakkevika badeplass:

Kommunen har løyst inn eit område ved *Bakkevika* for å sikre tilgang til badeplassen. Totalt har 11 prosjekt fått tilsegn på spelemidlar.

8.2. Ikkje gjennomførte prosjekt

Sula Jeger- og Fisk:

Aktivitetshus:

Mauseidvåg og Solevåg IL:

Kaldtlager Sundsbu

Uthus Taustua

Ballnettvegg

Rehabilitering Allheim sal og tak

Opparbeiding betre lysløype Sundsmyra

Langevåg IL:

Rehabilitering hovudbana på Langevåg stadion

Sula Ride- og fritidssenter:

Ride/kjerresti langs Vassetvatnet

Ride/tursti Vasskummen – Såthaugen

Rehabilitering tak på ridehallen

Ride/tursti Sofushytta

Gjestestaller

Langevåg Skyttarlag:

Elektronisk skiveanvising innandørs 15 bane

Utandørsbane løpende hjort

8.3. Vurdering

Plankrav er krevjande

Manglande ressursar er ein bøyg både for laga og for administrasjonen. Det har likevel vore ein framdrift i forhold til kompetanse ute i lag og organisasjonar i SM- prosessen. Sula har fått alle søknadar godkjent hos fylket dei siste åra.

Talet på SM-søknader har i seinare år generelt gått noko ned. I enkelte tilfelle skuldast det at laga ikkje "orker" den papirmølla som følgjer med eit SM-prosjekt. Mange lag har ofte nok med den daglege drifta og har ikkje tid til å setje seg inn i regelverk og arbeide fram nye SM-søknader. Samstundes har vi gjort den erfaringa at dei auka krava har vore med på å sile ut urealistiske prosjekt.

Det er ei kjensgjerning at mange frivillige organisasjonar ikkje har tradisjon for å drive planarbeid. Det vil nok enno ta tid før utarbeiding av langtidsplanar blir ein naturleg del av lagsarbeidet. Det er viktigare enn nokosinne at laga startar planlegging av prosjekt så tidleg som muleg – nettopp for å kunne gjennomføre det som krevst av dokumentasjon i samband med SM-søknadar.

Det har likevel vore to større kunstgrasprosjekt på ytre og indre del av Sula. Dette har vore vellukka prosjekt som kjem mange unge og vaksne til del.

Ofte kan det komme endringar frå laga i prioriteringar frå år til år. Årsaker til dette kan vere til dømes nytt styre som vel andre prioriteringar. Det kan også vere at det har vore sett opp prosjekt som ikkje har vore skikkeleg gjennomtenkt, og at laget ved neste av planen kjem med endra rekkjefølgje på tiltaka. Det er også viktig at laga luker vekk prosjekt som ikkje likevel er aktuelle å gjennomføre. Det er viktig å følgje opp den årlege rulleringa av handlingsprogrammet.

Innsats vidare

Møre og Romsdal fylke har i Fylkesplan for 2009- 2012 større satsing på rehabilitering av anlegg framfor nye prosjekt, samt ein samla strategi for kultur- og idrettsbygg og eit nettverk av turstiar. Dette må også vere førande for korleis vi tenkjer her i Sula. Det er ønskjeleg at ein for framtida har eit noko større fokus på tilrettelegging og vedlikehald av turstiar/vegar/løyper. Det krev mykje dugnadsinnsats å sette i gang nye prosjekt og vedlikehalde slike anlegg.

Mausavatnet tursti på Eikrem har engasjert mange frivillige og er også eit døme på eit godt lavterskeltilbod.

Kommunen har tidlegare sikra friluftsområde for ettertida men det er framleis ein del område som viktige å arbeide vidare med. Ein føresetnad for dette er å prioritere på framtidige budsjett.

9. VEDLEGG

1. Upprioritert liste over bygg og tilrettelegging av anlegg og område
2. Upprioriterte mindre kostnadskrevjande prosjekt
3. Anleggsregister
4. Temakart for idrettsanlegg
5. Temakart for friluftsområde
6. Oversikt over friluftsområde
7. Handlingsplan

Vedlegg 1. Upprioriterte lister over utbygging og tilrettelegging av anlegg og område for idrett og friluftsliv dei næraste 10 -12 åra.

NYE ANLEGG/REHABILITERING	ANSVAR
Innandørs multianlegg for skating, rulleskøyter, bmx	
Skogsløype frå Kvasnes til Langevåg	
Ride- og turveg Vasskummen – Såthaugen	SRFS
Turveg utover mot Kalvestad (Ligg i område for verneverdige kulturminne)	
LIL fleirbrukshall (nextgenhall)	LIL
Utbetring av Sulahallen	Kommunen
Utviding Allheim	MSIL
Brygge til båt for funksjonshemma	SJFF
Utbygging av leirduebane tilrettelagt funksjonshemma	SJFF
Helsesportsenter	Røde Kors
Minigolfbane	LIL
Paddockar/beitemark	SRFS
Lagerlokale – hinder	SRFS
Ridebane bl.a. feltritt	SRFS
Hestecamp (hytter m/ stall)	SRFS
Villmarksleir/camping sommarleir	SRFS
Utbetring tak ridehall	SRFS
Fast dekke på stadion	LIL
Bom/gjerde langs fotballbana	MSIL
Rehabilitering av garderobeanlegg/ventila-sjonsanlegg, klubbhus	LIL
Kaldt lager v/kunstgrasbane	LIL
Kunstgrasbane nr 2, grusbana	LIL

NÆRMILJØANLEGG	
Minigolfbane	LIL
"Fotballbinge"	LIL
Skatebordbane	LIL
Villmarkleir/camping	SRFS
Minibondegard med leikeplass	SRFS
Hestecamp med hytte/stall	SRFS
Syssel/BMX-bane	MSIL
Akebakke/Slalåm/liten hoppbakke	MSIL
Stemneplass/amfi	MSIL
Tursti Vågevatnet	Kommunen
Molvær Park	Kommunen

Vedlegg 2.

Forenkla ordning for mindre kostnadskrevjande prosjekt

Det er høve til å søkje forenkla ordning som er meint for mindre kostnadskrevjande anlegg, eller område som er tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. Det er det ikkje krav om at desse skal liggje i planen, men vi vel å setje opp slike prosjekt som laga tidlegare har meldt inn.

Uprioriterte, mindre kostnadskrevjande prosjekt

Teiknforklaring: N - nærmiljøanlegg, SM - spelemidlar, F - friluftstiltak, T – tursti.

Beløpa er oppført i heile tusen.

	Kategori	Kostnad	Kom. innsats	SM
Leikeplass v/Allheim (MSIL)	N	50		25
Hopp/skianlegg Taustua (MSIL)	N	60		30
Akebakke Lillenakken (MSIL)	N	8		4
Benker og bord Sundsbu (MSIL)	N	20		10
Leikeplass (LIL)	N	57		29
Sandvolleyballbane (LIL)	N	30		15
Klatrevegg (LIL)	N	60		20
Ski-/akebakke Vasset friluft- og idrettspark (LIL)/kommunen	F	78	39	39
Sandvolleyball Sula U-skule (SK/ LIL)	N	30	10	15
Sklie v/leikeplassen (MSIL)	N	5		
Turløype rundt Lømyra (FIL)	N	50		25
Sandvolleyballbane (FIL)	N	40		20
Ny kiosk (FIL)	N	20		?
Badeplass Plattingneset (LIL)	F	?		?
Opparb. tur- og ridesti Molværsparken til Vasset	N			
Molvær Park	N	?	?	?
Tursti - Raudåna	T	80		40

Vedlegg 3 Anleggsregister Sula kommune

Navn	Anleggsnr	Kategori	Type
Ballbinge, lys	1531002801	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
Fiskarstrand ballbinge	1531002901	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
Fiskarstrand st. - handballbane	1531000303	Aktivitetsanlegg	Ballbane
Langevåg skole	1531000802	Aktivitetsanlegg	Ballbane
Langevåg skole	1531000803	Aktivitetsanlegg	Ballbane
Langevåg stadion - skytevegg	1531000124	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
Måseid Ballbinge	1531002701	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
Måseide skole	1531000902	Aktivitetsanlegg	Ballbane
Måseide skole ballbinge	1531000903	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
Mauseidvåg handballbane	1531000205	Aktivitetsanlegg	Ballbane
minigolfanlegg	1531002501	Aktivitetsanlegg	Minigolf
Molvær skole	1531001203	Aktivitetsanlegg	Ballbane
Rørstadmarka barnehage	1531003201	Aktivitetsanlegg	Hinderløype
Skateanlegg	1531002601	Aktivitetsanlegg	Skateboardanlegg
Småhauane ski- og akebakke	1531000127	Aktivitetsanlegg	Akebakke
Fiskarstrand skole	1531001301	Aktivitetssal	Gymnastikksal
Langevåg skole	1531000801	Aktivitetssal	Gymnastikksal
Måseide skole	1531000901	Aktivitetssal	Gymnastikksal
Molvær skole	1531001201	Aktivitetssal	Gymnastikksal
Solevåg skole	1531001001	Aktivitetssal	Gymnastikksal
Sula ungdomsskole	1531000701	Aktivitetssal	Gymnastikksal
Veibust skole	1531001101	Aktivitetssal	Gymnastikksal
Fiskarstrand st. - grasbanen	1531000301	Fotballanlegg	Fotball gressbane
Fiskarstrand st. - grusbane	1531000302	Fotballanlegg	Fotball grusbane
Fiskerstrand	1531000306	Fotballanlegg	Fotball gressbane
Langevåg kunstgrasbane	1531000104	Fotballanlegg	Fotball kunstgressbane
Mauseidvåg grusbane	1531000202	Fotballanlegg	Fotball grusbane
Mauseidvåg stadion	1531000201	Fotballanlegg	Fotball kunstgressbane
Molvær skole	1531001202	Fotballanlegg	Fotball grusbane
Sula ungdomsskole	1531000703	Fotballanlegg	Fotball gressbane
Sundsmyra grus	1531000401	Fotballanlegg	Fotball grusbane
Vasset - grasbanen	1531000101	Fotballanlegg	Fotball gressbane
Vasset - treningsfelt	1531000103	Fotballanlegg	Fotball grusbane
Vasset treningsfelt	1531000125	Fotballanlegg	Fotball gressbane

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2010 - 2013

Navn	Anleggsnr	Kategori	Type
gras			
Vasset - friidrett	1531000102	Friidrettsanlegg	Friidrett grusbane
Åregjerdvågen småbåthavn	1531002301	Friluftsliv	Småbåthavn
Bolvika	1531002401	Friluftsliv	Badeplass
Gjentavika	1531000121	Friluftsliv	Badeplass
Kongshaugstranda	1531001801	Friluftsliv	Badeplass
Rollon-hytta	1531001501	Friluftsliv	Dagsturhytter
Sandvika	1531001701	Friluftsliv	Badeplass
Skalleløypa	1531000208	Friluftsliv	Tursti
Solevågsfjellet turveg	1531000406	Friluftsliv	Turvei
Sula marina	1531002201	Friluftsliv	Småbåthavn
Taus-tua	1531001601	Friluftsliv	Dagsturhytter
Vasset - turløype	1531000109	Friluftsliv	Turvei
Veibustvågen småbåthamn	1531002101	Friluftsliv	Småbåthavn
Von-hytta	1531001401	Friluftsliv	Dagsturhytter
Vasset - dressurbane	1531000111	Hestesportanlegg	Ridebane
Vasset - ridehall	1531000112	Hestesportanlegg	Ridehall
Vasset - ridesti	1531000114	Hestesportanlegg	Ridesti
Vasset - ridevolte	1531000115	Hestesportanlegg	Ridebane
Vasset - sprangbane	1531000110	Hestesportanlegg	Ridebane
Vasset - stall	1531000113	Hestesportanlegg	Stall
Vonløypa	1531001402	Hestesportanlegg	Ridesti
Allheim	1531000203	Idrettshus	Idrettshus
Allheim, rehab klubbhus	1531000213	Idrettshus	Klubbhus
Fiskerstrand stadion - kalotla	1531000307	Idrettshus	Lagerbygg(ikke spes
Lømyra - klubbhuset	1531000305	Idrettshus	Idrettshus
Mauseidvåg stadion lager	1531000212	Idrettshus	Lagerbygg(ikke spes
Rehab av Vasset klubbhus	1531000126	Idrettshus	Klubbhus
Skalleløypa - taus-tua	1531000209	Idrettshus	Idrettshus
Sula JFF aktivitetshus	1531003101	Idrettshus	Idrettshus
Sundsmyra - bygget	1531000403	Idrettshus	Idrettshus
Vasset - lil-tun	1531000105	Idrettshus	Idrettshus
Vasset friluftsliv og idrettspår	1531000122	Idrettshus	Idrettshus
Eikremskogane orienteringskart	1531000210	Kart	Orienteringskart
Solevågfjellet	1531000407	Kart	Orienteringskart
Veddemarka orienteringskart	1531000206	Kart	Orienteringskart
Fiskarstrand st. -	1531000304	Skianlegg	Skiløype

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2010 - 2013

Navn	Anleggsnr	Kategori	Type
skiløype			
Mauseidvåg lysløype	1531000204	Skianlegg	Skiløype
Mauseidvåg skiløype	1531000211	Skianlegg	Skiløype
Sundsmyra - lysløype	1531000404	Skianlegg	Skiløype
Sundsmyra - skianlegg	1531000405	Skianlegg	Skianlegg, ikke def
Vasset - handicapsti	1531000120	Skianlegg	Skiløype
Vasset - hoppbakke	1531000108	Skianlegg	Hoppbakke
Vasset - lysløype	1531000106	Skianlegg	Skiløype
Vasset - 100 m skytebane	1531000117	Skyteanlegg	Skytebane 100m
Vasset - 200m skytebane	1531000123	Skyteanlegg	Skytebane 200m
Vasset - 300 m skytebane	1531000116	Skyteanlegg	Skytebane 300m
Vasset - innandørs skytebane	1531000118	Skyteanlegg	Skytebane (inne)
Vasset - leidueskytebane	1531000119	Skyteanlegg	Lerduebane
Sundsmyra - tennisbane	1531000402	Tennisanlegg	Tennisbane
Lerheimkaia	1531002001	Vannsportanlegg	Flytebrygge
Storholmen	1531001901	Vannsportanlegg	Flytebrygge
Langevåg røde kors - symjebass	1531000601	Bad og svømmeanlegg	Svømmebasseng
Langevåg røde kors symjebasseng - rehabi	1531000602	Bad og svømmeanlegg	Svømmebasseng
Sula ungdomsskole	1531000702	Bad og svømmeanlegg	Svømmebasseng
Langevåg frisbeearena	1531003001	Diverse anlegg	Udefinert
Sulahallen	1531000501	Flerbrukshall	Flerbrukshall, Normalhall



SULA
KOMMUNE


IDRETTSANLEGG

- 1 Molvær skule (gymsal)
- 2 Røde Kors (basseng)
- 3 Langevåg IL (klubbhus, fotballbaner, friidrett, lysløype, diskolf)
- 4 Sula Ride og Fritidssenter (Ridehall, ridebaner, fylkesanlegg)
- 5 Sula Jeger og Fiskerforening (klubbhus, leirduebane)
- 6 Langevågskyttarlag (klubbhus, innendørs/utandørsskytebaner)
- 7 Sulahallen (idrettshall)
- 8 Sula ungdomsskule (gymsal)
- 9 Langevågskule (gymsal)

- 10 Fiskarstrand skule (gymsal)
- 11 Fiskarstrand IL (klubbhus, fotballbane)
- 12 Måseide skule (gymsal)
- 13 Solevåg skule (gymsal)
- 14 Sundsmyra (fotballbane, lysløype)
- 15 Mauseidvåg og Solevåg IL (klubbhus, fotballbaner, lysløype)
- 16 Taustua - dagsturhytte
- 17 Rollonhytta - dagsturhytte
- 18 Vonhytta - dagsturhytte





0 1 2 km
Ekvidistanse 100 meter





- | | | | |
|------------------------------------|---------------------------|--------------------------------------|-------------------------------|
| 1 Sandvika | 10 Blomvika | 19 Høghaug - Solevåg | 27 Borgundfjorden - Vegsundet |
| 2 Geilneset | 11 Lillevågen | 20 Leirvågsfjellet | 28 Raudevatnet |
| 3 Pe-neset | 12 Furneset | 21 Solevågsfjellet -
Mauseidvatet | 29 Mauseidvatnet turløype |
| 4 Bolvika | 13 Bjørkavågen | 22 Eikremsskogen | |
| 5 Vågevatnet | 14 Veibust friluftsområde | 23 Sulafjellet | |
| 6 Langevågsholmane | 15 Kvassneset | 24 Nøringset | |
| 7 Urvika | 16 Lahella | 25 Æhammaren - Kalvestad | |
| 8 Vasset friluftss- og idrettspark | 17 Sundsmyra | 26 Vegsundvågen-Solavågen | |
| 9 Veddemarka | 18 Sunde - Høghaug | | |



Vedlegg 6 Friluftsområde Sula kommune.

Nr	Lokalitet	Eigar forhold	Planstatus	Bruks-omåde	Merknader
1	Sandvika	privat	Friområde	Bading	Mykje nytta badeplass. Har fått toalett og satt opp skilt.
2	Geilneset	kommunalt	Offentleg	Bading	Ligg innafor «Molværpark». Stranda er framleis prega av algevekst m.m.
3	Pe-neset	privat	Friluftsområde	Bading, fiske	Ligg lett tilgjengeleg i Langevåg.
4	Bolvika	kommunalt	Friområde	Bading, balløkke	Har toalett og opparbeida balløkke. Treng vedlikehald.
5	Vågevatnet	privat	Friluftsområde	Nærområde	I dag er vatnet sterkt forureina, når vatnet er reinsa - potensiale til å kunne bli eit flott friluftsområde med bading og fiske
6	Langevågs-holmane	statleg, privat	Friområde, statleg sikra	Båtutfart	Båtutfartsområde med ein stor og fleire mindre holmar, delar er statleg sikra. Fleire gode hamnemoglegheiter. Gjestebrygger, toalett og opparbeidde stiar på Storholmen. Området er forvalta av Friluftsrådet
7	Urvika	privat	Friluftsområde	Bading	Må tilretteleggjast for å bli brukt.
8	Vasset friluft- og idrettspark	privat, kommunalt	Friområde, statleg sikra (deler av område)	Turområde, bading, idrett, fiske	Omlag 1500 daa stort friluftsområde. Innafor området finn ein idrettsanlegg, lysløype, badestrand, rideklubb, klekkeri og skytebane. I området har ein fleire tilrettelagde stiar og ein ridesti. Utgangspunkt for turar opp på Sulafjellet og/eller vidare Veddemarka/ Fiskarstrandmyrane.
9	Veddemarka /Fiskarstrandmyrane	Privat	Friområde, friluftsområde og natureservat	Turområde	Variert landskap med mange naturtypar, særst variert ferskvassystem. Området treng betre oppmerking og mange stader treng det utbetring av sti/veg. Mange blaute parti.
10	Blomvika	Privat	Friområde	Bading	Ikkje opparbeida. Tilkomst etablert.
11	Lillevågen	Kommunal, privat	Friområde	Bading	Parkeringsplass kommunal, delvis opparbeida
12	Furneset	Privat	Friområde	Bading	Delvis opparbeida, område avsett til ballplass og parkeringsplass.
13	Bjørkavågen	Privat	LNF, bustadområde	Nærmiljøanlegg	Planlagt nærmiljøanlegg, balløkke, skibakk m.m. leikeplass delvis opparbeida.
14	Veibust Friluftsområde	Kommunalt	Friområde	Bading	Delvis opparbeida friareal medbenkar, er delvis gjerda inne. Ikkje sandbotn. Friluftsrådet har stått for opparbeiding. Må tilretteleggjast/vedlikehaldast betre.
15	Kvasneset	Privat	Friområde		Ikkje opparbeida friområde. Mange fornminne.
16	Lahella	Privat	Friluftsområde	Bading, nærområde	Fint svaberg. Vik som er fint til oppankring. Skogsveg inn til området, og sti vidare til Sunde. Den bør utbetrast.
17	Sundsmyra	Kommunalt	Friområde	Nærmiljøanlegg	Opparbeidd balløkke/fotballbane m.m. ligg føre ein detaljert plan over kva ein skal ha innan for dette området. Viktig nærmiljøanlegg for Sunde-Solavåg.
18	Eliassgerdet i Solavågen - Høgshaugen	Privat	Friområde	Bading	Austvend strandområde ved Solavågen. Lokalt nytta utfartsområde og badeplass med sandbotn. Tilrettelagt gjennom

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2010 - 2013

Nr	Lokalitet	Eigar forhold	Planstatus	Bruks-omåde	Merknader
					grendautviklingsmidlar.
20	Solavågs-fjellet - Mausavatnet	Privat, statleg	Friluftsområde	Turområde	Variert skogsområde med rikt planteliv utarbeida o-kart. P-plass ved Mausavatnet, Allheim og Høghaugen. Oppmerka stisystem. Viktig nærturområde. Naturreservat.
21	Eikremsskogen	Privat	Friluftsområde	Turområde	Viktig utfartsområde på Sula. Regionalt viktig. Furuskog nedst -snaufjell lengre oppe. 2 lagshytter, med eitt toalett merka stiar/veg. Lysløype og løypesystem som vert preparert om vinteren.
22	Sulafjellet	Felleseige	Friluftsområde	Turområde	Fjellplatå, lier og strand. Mykje nytta turområde både sommar og interparkering ved Nøringset, Måseide, Sandvika og Molvær. Frodig kulturlandskap. Nøringset-Sulesund. Delvis merka stiar.
23	Nøringset	Kommunalt	Statleg sikra	Parkeringsplass	Utgangspunkt for turar langs stranda og oppe på fjellet parkering ved Nøringset, med benkar og søppelstativ. Rikt dyre- og planteliv. Naturreservat. Gode fiskemoglegheiter langs stranda.
24	Æhammaren Kalvestad	Kommunalt, privat	Friluftsområde	Parkeringsplass, turområde, kulturlandskap	Parkeringsplass ved Sandvika. Utgangspunkt for turar til Eltrane. Fint kulturlandskap med morenar og fin rullesteinstrand ved Æhammaren. Mange tufter, noko frå eldre jernalder. Rikt på fornminner.
25	Vegsundvågen-Solavåg			Båutfart	Skjerma fjordavsnitt med fleire holmar og grunner. Området er nytta til båutfart og har stor landskapsestetisk verdi.
26	Borgundfjorden til Vegsundet			Båutfart	Større, produktivt fjordsystem med holmar og øyar. Viktig område for segling, småbåutfart, badeliv og fiske.
27	Raudåvatn	Privat	Friluftsområde	Bading	Badeplass for nærmiljøet.
28	Badeplass Bakkevika	Kommunal	Friluftsområde	Bading	Svært populær badeplass. Fint opparbeidda badeplass gjennom grendautviklingsmidlar.
29	Badeplass Bjørkavågen	Privat	Friluftsområde	Bading	Opparbeidda badeplass gjennom grendautviklingsmidlar.

Vedlegg 7

Prioritert handlingsprogram

2010 – 2011

TILTAKSOVERSIKT:

”Tilskuddsbeløp og beløpsgrense

Grunnlag for tilskudd er begrenset oppad til kr 400 000. Nedre godkjente kostnadsramme er kr 80 000.

Det kan gis støtte med inntil 50 % av godkjent kostnad, begrenset oppad til kr 200 000. Tilskuddsbeløpet må være større enn kr 40 000.

En kan søke om spillemidler opp til tre omganger (tre byggetrinn). Maksimalt tilskuddsbeløp til et enkelt anleggssted vil altså være kr 600 000 (godkjent kostnad kr 1 200 000).”

NÆRMILJØANLEGG

For nærmiljøtiltak kan ein få SM-tilskott inntil 50 % av totalkostnad, til leikeplassar får ein ikkje SM-tilskott.

Teiknforklaring: N - nærmiljøanlegg, SM - spelemidlar, pri - prioritet, I - investering, D - drift, IF - informasjon, HC - tiltak retta mot handicape, F - friluftstiltak, T - tursti, IN- innløyising Beløpa er oppført i heile tusen.

							KOMMUNALE INVESTERING- OG DRIFTSKOSTNADER			
			FORDELINGER AV KOSTNADER				2010	2011	2012	2013
Pri	TILTAK	kat	Total	Kom	SM	Start år	I	I	I	I
1	Sandvolleyballbane (MSIL)	N	120		44	?				
2	Innløyising Vasset friluft- og idrettspark (SK)	IN	200	100	100	?				
3	Veg til lerduebana for funksjonhemma (SJFF)	HC	250		91	?				
4	Handicaptilkomst Allheim (MSIL)	HC	200		100	?				
5	Syssel- /gangsti til Lømyra (FIL)	N	?		?	?				
6	Rehab.casting (SJFF)	HC	80		40	?				
7	Ballnettvegg (MSIL)	30		12		2010				
8	Hinderløype Fiskarstrand skule	N	200			2010				
9	Nærmiljøanlegg Rørstadmarka barnehage	N				2010				

ORDINÆRE ANLEGG

Teiknforklaring:

SM - spelemidler, pri - prioritet, I - investering, D - drift

Beløpa er oppført i heile tusen.

						KOMMUNALE INVESTERINGS- OG DRIFTSKOSTNADER			
		FORDELINGER AV KOSTNADER				2010	2011	2012	2013
pri	TILTAK	Total	Kom.	SM	Start år				
1	Kunstgrasbane (MSIL)	6870	1700 Idrettsu tv. AS (også LIL)	2290	2007				
2	Kiosk/kaldtlager (MSIL)	720		240	2007				
3	Kunstgrasbane 7-ar bane (FIL)								
4	Turløype Veddemarka (LIL/FIL/MSIL)	600		180	2010				
5	Fleirbrukshall, Solevåg	26425		8365	2009				
6	Rehab.ride/tursti Trinn I (SRFS)	100		33	2009				
7	Kaldtlager Sundsbu (MSIL)	75		28	2009				
8	Ride/kjerresti langs Vassetvatnet (SRFS)	150		50	2009				
9	Ride/tursti Vasskummen-Såtehaugen (SRFS)	?		?	2009				
10	Ridebane aust for Jarneselva (SRFS)	400		135	2010				
11	Uthus Taustua (MSIL)	70		25	2009				
12	Rehab.Allheim sal (MSIL)	100		37	2011				
13	Rehab.tak på ridehallen (SRFS)	600		200	2011				
14	Opparb.utbetring lysløype Sundsmyra (MSIL)	150		55	2011				
15	Lysanlegg ridebaner (SRFS)	500		167	2011				
16	Rehabilitering hovudbane Langevåg Stadion (LIL)	2000		660	2011				
17	Ride/tursti Sofushytta (SRFS)	250		83	?				
18	Gjestestaller (SRFS)	350		116	?				
19	Opparb.drenering Skalleløypa (MSIL)	200		75	?				
20	Tribune (FIL)	?		?	?				

21	Elektr. skiveanisning innendørs 15 bane (LSK)	150		50	2011				
22	Utendørsbane – løpande hjort, Vasset (LSK)	350		116	2011				
23	Aktivitetshus, Vasset (SJFF)	1019		388	?				
24	Friidrettsbane (LIL)								
25	Lysløype Vonløypa til Blåfjell (LIL)								